



DEN NORSKE KYRKJA

Vågsøy sokneråd

www.vagsoy.kirken.no

Vågsøy sokneråd har ansvar for drift og forvaltning av 3 kyrkjer og 9 gravplassar i Vågsøy kommune. Soknerådet har og ansvar for tilrettelegging av gudstenester og kyrkjelege handlingar. Vi har i dag 10 tilsette med ymse stillingar og ansvarsområde. Det er 2 prester som har sitt virke i Vågsøy. Vågsøy kommune ligg vest i Sogn & Fjordane. Kommuna har omlag 6000 innbyggjarar. Vågsøy har eit yrande kulturliv og sterk dugnadsånd. Friluftsmoglegbeiter er mange, særleg knytt til sjøen og den beilt spesielle kystnaturen. Til Måløy kjem du deg på ymse måtar. Hurtigbåt til/frå Bergen to gonger dagleg. Ekspressbuss til/frå Oslo to gonger dagleg. Det er ca 1 time til næraste flyplass. (Anda) Hurtigruta har anløp Måløy både på nordgåande og sørgåande.

Vågsøy Sokneråd har ledig stilling som:

KYRKJEMUSIKAR -50%

Kyrkjemusikar har som hovedoppgåve å spele ved gudstenester og kyrkjelege handlingar, samt å ta del i trusopplæring m.m. Organisten har Vågsøy sokneråd som arbeidsgjevar og kyrkjene som arbeidsplass, og deler kontorfellesskap med dei andre tilsette på kyrkjekontoret på rådhuset i Måløy sentrum.

Arbeidsoppgåver:

- Planlegging og gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar i samarbeid med andre tilsette.
- Samarbeid om kyrkjelydsbyggjande arbeid og å delta i Trusopplæringsarbeidet.
- Konsertverksemd i samarbeid med kyrkjelyden, frivillege og lokale musikarar.
- Arbeide i team med den andre organisten om kyrkjemusikalsk arbeid i kommuna.
- Dirigere gospelkoret «Sweet Spirit»
- Gjennomføring av Kyrkjemusikkveke.

VÅGSØY SOKNERÅD-KYRKJEMUSIKAR

Kvalifikasjonar:

- Høgare utdanning innanfor kyrkjemusikk eller anna relevant utdanning.
- Gode kommunikasjonsevner og samarbeidsevner.
- Evne til å planlegge og arbeide sjølvstendig.
- Personleg eigenskap vil bli vektlagd
- Må ha eigen bil.

Den som tilsettest må være medlem av Den norske kyrkja. Poliattest må framleggast ved tilsetjing, jfr. Kyrkelovas §29. For stillinga gjeld løns- og arbeidsvilkår i henhold til gjeldande tariffområde (KA område). Pensjonsordning gjennom KLP.

Nærmare opplysningar om stillinga kan rettast til kyrkjevevjerje/dagleg leiar Anne-Gry Fløien tlf. 48146505, mail Anne.gry.fløien@vagsoy.kommune.no. Eller sekretær Evy H Nybakk tlf. 48100481, mail Evy.nybakk@vagsoy.kommune.no. Skrifteleg søknad med CV sendast til Kyrkjevevjerja i Vågsøy, Postboks 33, 6701 Måløy eller på e-post til vagsoy.soknerad@vagsoy.kommune.no

Søknadsfrist: 28.02.2018